

Møtereferat – Arbeidsgruppe overgang elevar og tilsette

Dato: 29. oktober 2025

Tid: 13:30–15:00

Stad: Kommunestyresalen

Referent: Alf Marius

Deltakarar

Marianne, Synnøve, Norunn, Hilde, Birthe, Inger Lise, Liz Torine, Hans Olav, Orla, Linda, Alf Marius

1. Statusoppdateringar frå skulane

Ulstein skule

- **Tilgang til Teams:** Verneombod manglar tilgang til arbeidsgruppa Teams-kanal.
→ *Tiltak:* Karen legg til verneombodet.
- **Kompetanseskjema:**
Fleire tilsette etterspør kompetanseskjemaet frå arbeidsgruppa personal. Det er behov for å få skjemaet ut slik at tilsette kan starte arbeidet med dette.
→ *Tiltak:* Personalgruppa ferdigstiller og distribuerer skjemaet snarast. Be om ei orientering til neste møte
- **Jobbusikkerheit:**
Det er uttrykt uro blant tilsette om framtidig jobbstatus. Mange ønskjer å vite om dei har jobb til hausten 2026.
→ *Tiltak:* Behov for å kommunisere ein konkret tidsplan for avklaringar.

Ulstein barneskule (UBS)

- **Klasseinndeling:**
Tilsette er ikkje uroa over elevmassen, men uttrykker bekymring for klasseinndeling ved høgt elevtal.
→ *Tiltak:* Dette vert teke med i det vidare arbeidet med klasseinndeling.
- **Elevreaksjonar:**
Enkelte elevar er prega av uvissa rundt kven dei skal gå i klasse med og kven som blir lærar. Dette påverkar skulekvardagen.
→ *Tiltak:* Tidleg avklaring og kommunikasjon om klasseinndeling og lærartilhøyring når dette er avklart
- **Organisering av komande 2. klasse:**
Årets førsteklasse ved UBS er organisert i grupper. Samarbeid med Ulstein skule må

starte raskt over nyttår for å sikre god klasseinndeling.

→ *Tiltak*: Felles planleggingsmøte tidleg i 2026.

- **Tilrettelegging for elevar med særskilde behov:**

Elevar frå Ulstein som treng ekstra tilrettelegging.

→ *Tiltak*: Fysisk tilrettelegging og innkalling til overgangsmøte så raskt som råd.

2. Innspel frå elevrådet ved Ulstein skule

Elevane har kome med fleire konstruktive innspel og spørsmål knytt til skulesamanslåinga:

- Ønskje om kombinasjon av reglar frå begge skular.
- Behov for trygg skuleveg, spesielt for dei som bur langt unna.
- Ønskje om å ta med seg gode praksisar som uteskule og dodgeball.
- Viktig å ha med kjende elevar i ny klasse.
- Ønskje om vidareføring av fadderordning.
- Bekymring for trange klasserom og stress ved mange ukjende elevar.
- Ønskje om uteskule i fjøra ved skulestart i sentrum.
- Referanse til barnekonvensjonen: trygg skuleveg må sikrast.
- Ønskje om stor ballbinge i sentrum.

→ *Tiltak*: Elevinnspel må takast med i planlegginga. Dei spørsmåla ein har svar på bør kommuniserast tilbake til elevrådet.

3. Kommunikasjon med føresette

- **Møte med føresette på Ulstein:**

Møteinnkalling kjem i veke 45. Innkalling vert sendt av rektor i Vigilo. FAU skal samle inn spørsmål frå føresette i forkant av møtet.

→ *Tiltak*: Begge rektorar og kommunalsjef oppvekst skal delta. Kan også bli fleire medlemmar frå arbeidsgruppa.

- **Helsesjukepleiar:**

Spørsmål om helsesjukepleiar burde vere del av arbeidsgruppa.

→ *Avklart*: Blir tatt inn ved behov

4. Planlagde aktivitetar og tiltak

- **Felles planleggingsdag 17. november:**
Rektorane har planlagt fellestid for lærarane og lagar program.
 - **Besøk frå Ulstein til UBS:**
Ulstein skule besøker UBS om to veker. Skal bli kjende med uteområdet til Ulsteinvik barneskule når elevane på Ulsteinvik barneskule ikkje har friminutt.
 - Stor gruppe i sentrum, få elevar i Ulstein.
→ *Tiltak:* Ekstra fokus på organisering av fellesmøte og aktivitetar når elevane møtast.
-

5. Arbeidsform og roller i arbeidsgruppa

- Rektorane ønskjer å møtast for å gjennomføre aktivitetar og avklare detaljar som ikkje treng diskuterast i arbeidsgruppa. Ok måte å arbeide på. Viktig å rapportere tilbake når ting er gjennomført/avklart.
 - Det må gå føre seg parallelle prosessar, med rapportering til arbeidsgruppa.
 - Viktig med tydeleg agenda og rolleavklaring i arbeidsgruppa.
 - Rektorane skal spele inn oppgåver til arbeidsgruppa ved behov.
-

6. Kommunikasjon ut frå arbeidsgruppa

- Viktig å ikkje kommunisere tiltak som ikkje er avklart eller gjennomførbare.
 - Alle i arbeidsgruppa må bidra med rettingar ved feil eller misforståingar.
-

7. Møtefrekvens og vidare organisering

- Spørsmål om møta kjem for ofte.
→ *Tiltak:* Vurdere behov og effektivitet. Parallelle prosessar må gå føre seg, men arbeidsgruppa må haldast orientert.
 - Forslag: Fellesmøte med alle arbeidsgrupper 10. desember, slik som ved oppstart. Gjerne før om mogleg.
 - Vurdering: Skal kommunepsykolog kallast inn med tydeleg bestilling?
-

8. Neste møte – punkt til oppfølging

- Avklare tid for FAU-møte. Kommunalsjef og rektorane må diskutere dette i lag. Sende innkalling.

- Be om at personalgruppa orienterer om kompetanseskjema og ønskjer informasjon om naturleg avgang blant tilsette. Leiar arbeidsgruppa kallar dei inn.
- Sjekke tilgang i Teams – Karen legg til manglande.